



Retningslinjer for næringsstøtte i Bykle kommune – bruk av næringsramma

Vedteke av kommunestyret 08.12.2022 i sak 147/2022

Gjeldande frå 1.12.2022

Bakgrunn:

Næringsramma er eit verkemiddel i arbeidet for å styrke næringsliv i Bykle kommune. Den årlege næringsramma regulerast i kommunens handlingsplan (økonomiplan) og blir politisk vedteke gjennom denne. Støtte til næringsdrivande handsamast etter søknad og tildelast i hovudsak frå midlar satt disponible i næringsramma, og i tråd med målsettingane som vedtatt i strategisk næringsplan. Kvar enkelt tiltak skal behandlast særskild gjennom eigne politiske vedtak.

1.1. Støtteformål

Deler av næringsramma er forhandsløyvde midlar og avsettast i kommunens handlingsplan. I planperioden (2022-2026) vil dette vere blant anna midlar til;

- Drift næringskontor, kontigentar interesseorganisasjonar som t.d. LVK, SIPR, tilskott til jordbruk, skogbruk og generell næringsutvikling.
- Vertskapsfunksjon via Destinasjon Hovden AS.
- Kjøp tenester Hovden Løypekjøring AS.
- Støtte til Hovden Skigymnas AS

Næringsramma skal nyttas til å fremme etablering av ny næringsverksemd, samt styrking og vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Det vert ikkje gjeve støtte til gjeldssanering, driftstilskot til bedrifter eller til ordinære kommunale oppgåver.

Deler av den resterande årlege ramma skal nyttast til tiltak for lokal vekst og kompetanseheving gjennom arrangement, kurs ol. som treff og gagnar fleire lokale næringsaktørar. Her under reknast og tiltak som bidrar til generell merkevarebygging av kommunen som ein attraktiv stad å busette seg, etablere næringsverksverksemd og/eller skaper gode samfunnssosiale ringverkingar.

Formålet er å oppfylle kommunen sine til ei kvar tid gjeldande næringspolitiske målsettingar slik desse er uttrykt i kommuneplan, økonomiplan og Strategisk Næringsplan.

1.2. Støtteformer

Støtte gis som tilskot. Midlane kan ikkje nyttas til garantiar, lån eller til kommunal aksjetegning i private bedrifter.

1.3. Støttevilkår og rammer

Samla offentleg støtte, herunder støtte frå næringsramma, skal ikkje overstige 50 % av et prosjekts kapitalbehov. Maksimalt tilskot til eit enkeltprosjekt er elles lik den til ein kvar tid gjeldande maksimalsats for bagatellmessig støtte. Det kan gis tilskot inntil 20% av investeringskostnader og inntil 50% av utviklingskostnader. Etableringstilskot kjem i tillegg.

Tilskot gis under bagatellstøtteregelverket i EØS avtalen.

Utbetaling av tildelte midlar i sin heilheit kan skje når prosjektet er gjennomført som omsøkt. Dokumentasjon av status og påløpte kostnader gjennomgåast og bekreftast av næringsansvarleg i kommunen, som anmoder om utbetaling til angitt bankkonto. Som hovudregel utbetalst 50% av støtta ved prosjektstart og 50% når prosjektet avsluttast. Standard tilsegnsbrev nyttast, samt standardskriv for utbetalingsvilkår og aksept av vilkår. Tilsegn er gyldig i tilsegnsåret + to månader. For større prosjekt og etter søknad, kan gyldigheit for tilsegn forlengast til tilsegnsåret + 2 år.

1.4. Etableringstilskot

Tilskottet er meint som ein pådrivar for å tiltrekke seg nye næringar og auka næringsaktivitet i kommunen. Som hovudregel og etter etablert ordning gir kommunen inntil Kr 50 000 i etableringstilskot til nystarta bedrifter. Ei bedrift har berre anledning til å mota slik etableringstøtte ei gong. Ordninga kan i særskilde tilfelle gis til etablerte bedrifter som ynskjer å vidareutvikle, men da under føresetnad at ein ikkje har motteke liknande tilskot tidlegare.

1.5. Presiseringar

Med investeringar meinast fysiske investeringar i f.eks. bygningar og anlegg, utstyr/maskinar. Med bedriftsutvikling (utviklingskostnad) meinast tilskot til utvikling av bedrifta som bl.a. opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøkingar og planlegging.

Ved berekning av prosjektenes kapitalbehov setjast maksimal eigeninnsats til 50 % som en hovudregel. Dette kravet kan, i særlege tilfelle, fråvikast. Timesats for eigeninnsats skal fastsettast i søknadsprosessen, vere rimeleg sett i samanheng med prosjektets karakter.

Etableringstilskot (pkt. 1.4.) er forbehalda nyetableringar og/eller bedrifter i oppstartsfase og er meint å dekke ekstra investeringar og kostnader i etableringsfasen.

Som hovudregel er ein forsiktig med å gi støtte til lett omsetteleg lausøyre. All støtte til investeringar som potensielt kan omsettast vidare skal argumenterast for og må sjåast i samanheng med bedrifta si plan for investeringane, samt drift/resultat og/eller føresetnad for langsiktig og berekraftig drift.

Ved handsaming av søknader må bedrifta framvise forretnings- og finansieringsplan. Kommunen utbetaler tilskott først når regnskap og dokumentasjon på investeringar/utlegg, i tråd med søknad, foreligg.

Om kostnaden vert lågare enn grunnlaget for tilsegn, vert tilskotet redusert tilsvarande.

2.1. Styring

Administrasjonen med næringsavdelinga koordinerer arbeidet og søknader.

Det utarbeidast en rettleiar for intern bruk i sakshandsaminga. Rettleiaren utarbeidast og forvaltast av Næringsavdelinga. Søkjer får tilsendt melding om vedtak samt informasjon om utbetalingsvilkår. I tillegg får søker tilsendt eget dokument for aksept av vilkår som skal fyllast ut og returnerast.

Søknader om støtte skal vere skriftleg. Det er ingen søknadsfrist. Søknader registrerast og journalførast. Behandling av søknader baserast på retningslinjer for støtte til næringsdrivande.

Ved handsaming av søknader må bedrifta framvise forretnings- og finansieringsplan. Kommunen utbetaler tilskott først når rekneskap og dokumentasjon på investeringar/utlegg, i tråd med søknad, foreligg.

Om kostnaden vert lågare enn grunnlaget for tilsegn, vert tilskotet redusert tilsvarande.

Dersom verksemd som har fått tilskot blir avvikla eller flytter frå kommunen innan tre år frå tilskot er gjeve kan Bykle kommune krevje tilbakebetalt tilskot med 30% for kvart år.

2.2. Innhald i søknad

a. Opplysningar om søker

- Den ansvarlege prosjekteigarar namn og organisasjonsnummer.
- Kven som er kontaktperson og kontaktinformasjon.

b. Økonomi

- Kva tilskotsbeløp det vert søkt om.
- Budsjett med finansieringsplan.
- Om søkjar på søknadstidspunktet har motteke anna offentleg stønad inneverande år og dei to siste rekneskapsåra jamfør reglane om offentleg stønad. Bagatellmessig stønad utgjer 200 000 euro fordelt over tre samanhengande rekneskapsår.

c. Skildring av tiltaket og forventa resultat

- Tiltaket det vert søkt om tilskot til, med mål og målgruppe.
- Framdriftsplan.
- Organisering av tiltaket, medrekna eventuelle samarbeidspartnarar og kva rolle dei skal ha.

d. Eventuelle andre opplysningar som er relevant for søknaden.

2.3. Vilkår

Søkjaren (verksemda) skal ha forretningsadresse i Bykle kommune. Den delen av verksemda som naturleg kan skje i Bykle kommune skal vere plassert der.

2.4. Politisk handsaming

I tråd med delegeringsreglementet for Bykle kommune ([delegeringsreglement](#)) avgjer Formannskapet politiske sakar med bevilling opp til kr 500 000. Sakar kor bevilling er større enn kr 500 001 skal i tillegg behandlast i Kommunestyret.

2.5. Klagehandsaming

Avslag vert handsama administrativt. Klage på administrativt vedtak skal handsamast andre gong i formannskapet. Dersom formannskapet opprettheld administrativt vedtak vert saka endeleg avgjort i kommunestyret.

3.1. Forvaltning og regnskap

Næringsramma forvaltest av Bykle kommune etter politiske vedtak. Etter tilsegnets utløp (pkt. 1.3.) tilbakeførast ubrukne midlar automatisk til næringsramma dersom det ikkje er søkt om, og innvilga utsetting.

4.1. Næringsfondet

I særskilde tilfelle, i tråd med overordna satsingar i Strategisk Næringsplan, for å sikre vekst og/eller at gode etableringar leggest i kommunen, kan ein foreslå beviljingar frå lokalt næringsfond.

5.1. Samfinansiering

Før det er søkt om tilskot frå Bykle kommune skal alle andre sentrale eller regionale støtteordningar vere forsøkt/vurdert.

Samla offentleg støtte til private næringstiltak skal i regelen ikkje overstige 50% av samla kapitalbehov. Ein viser elles til EØS-reglar for støtte.